Radøy kommune
Kultur- og sørvistorget

Kåre Lunde

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar:<br>Vår: 16/1 - 16/13118 | Jan Torry Sande<br>Jan.Torry.Sande@radoy.kommune.no | 12.10.2016 |

# Svar på e-post om innsyn

Viser til dykkar e-post av 12.10.2016.

Det er riktig at Radøy kommune har gjeve delvis innsyn i dokumentet: «Tilsyn med Radøy kommune – kommunen sitt ansvar for at Sæbø skulefølgjer krava i opplæringslova kap 9a om elevane sitt psykososiale miljø - Førebels». Innsynet vart innvilga etter klage på tidlegare vedtak, med påfølgjande ny vurdering.

Eg forstår det slik at du ønskjer innsyn i same dokument. Etter offentleglova §11 om meirinnsyn vert det gjeve delvis innsyn i Fylkesmannen i Hordaland sin førebelse tilsynsrapport: «Tilsyn med Radøy kommune – kommunen sitt ansvar for at Sæbø skule følgjer krava i opplæringslova kap 9a om elevane sitt psykososiale miljø - Førebels». Den ligg som vedlegg til dette brevet.

Tilsynsrapporten inneheld opplysningar om «noens personlige forhold», jf. fvl. § 13 fyrste ledd nr. 1. Slike opplysningar underlagt teieplikt, og er unntatt frå innsyn, jf. offl. § 13 fyrste ledd. Teieplikt etter fvl. § 13 er ikkje til hinder for at det gis innsyn i opplysningane dersom individualiserande kjenneteikn blir sladda,jf. fvl. § 13a fyrste ledd andre punkt.

Kommunen finn at opplysningar underlagt teieplikt er ivaretatt ved at individualiserande kjenneteikn blir sladda. Radøy kommune gir difor delvis innsyn i dokumentet ved at individualiserande kjenneteikn er sladda.

Underteikna vil gjere merksam på at merkelappen «førebels» kan misoppfattast, då dette dokumentet ikkje er ein fullverdig rapport, men eit arbeidsutkast til den endelege rapporten.

Klagerett:

**Post**
postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**
Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

RADØY den grøne øya

Dette er eit enkeltvedtak jf fvl § 2 b). Du har rett til å klage på kommunen sitt vedtak. Fristen er tre veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er komen fram, jf. offl. § 32, jf. fvl. § 29. Klagen skal sendast via kommunen, jf. offl. § 32, jf. fvl. § 32.

Med helsing

Jan Torry Sande
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Fylkesmannen. Førebels tilsynsrapport.

**Mottakarar:**
Kåre Lunde